



Trygg framtid for folk og natur.



Saksbehandling produksjonstilskot

Fagsamling 11. august 2016



Registreringsdato og søknadsfrist

For denne avtaleperioden (2016-2017) med utbetaling i 2017:

161710: Registreringsdato 31. juli og søknadsfrist 20. august

161720: Registreringsdato 1. januar og søknadsfrist 20. januar

For neste avtaleperiode (2017-2018) med utbetaling i 2018:

171810: Registreringsdato 1. mai og søknadsfrist 15. mai

171820: Registreringsdato 1. oktober og søknadsfrist 15. oktober

Deretter mars og oktober





Augustomgangen 2016

- Registeringsdato 31. juli
- Søknadsfrist 20. august, men mogleg å sende/registrere inn søknad fram til 21. september -> trekk 1000 kr/dag etter søknadsfrist
- Utplukk stedlig kontroll
 - 5 % etter risikovurdering -> «MANU» i Wespa
- 1. inputkontroll 22. september
 - Ferdigbehandla alle søknader inkl. stikkprøvekontroll
- Oppfølging etter 1. inputkontroll kan starte 5. oktober
 - PT-1001A – feil- og varselmeldingar
- 2. inputkontroll 26. oktober
 - Feil- og varselmeldte søknader må vere ferdigbehandla på nytt
- Oppfølging etter 2. inputkontroll kan starte 4. november
 - PT-1001B – feil- og varselmeldingar
- 3. inputkontroll 29. november
 - Feil- og varselmeldte søknader må vere ferdigbehandla
 - Siste frist for å stoppe søknader i Wespa



Korleis søke?

Elektronisk søknadsskjema på www.landbruksdirektoratet.no eller www.altinn.no


Det er same skjemaet, berre ulik inngang.

Evt. levere søknaden på papirskjema til kommunen. I nytt forvaltningssystem (frå mai neste år) er det ikkje lenger mulig. Då må e-post og mobilnummer registrerast (slik er det allereie for RMP-søknader).

MÅ ha organisasjonsnummer, dvs. vere registrert i Enhetsregisteret innan søknadsfristen og vere registrert i Landbruksregisteret med tilknytning til landbrukseigedomen **FØR** søknad kan registrerast => **START MED NYE SØKARAR**

Driftsfelleskap


- Svare ja, og føre opp føretaket som søker er i driftsfelleskap med
- Lik utbetaling ? => søknaden kan gå til sentral utbetaling
- Dersom ikkje lik utbetaling, vil søknaden bli stoppa i Wespa
- Søknad om avløysartilskot blir uansett stoppa
 - Gjeld også for omgangen etter
- Tilskot til driftsfelleskap skal reknast ut som om det var til eitt føretak
 - 1 botnfrådrag
 - Evt. tak på tilskot (maks. husdyrtilskot)



Maskinell kontroll


Søknader som etter 1., 2. og 3. inputkontroll er merka «Ferdig behandlet» blir kontrollert mot ulike register:

- Areal: Landbruksregisteret (LIB, Gardskart)
- Mjølkekyr: Kvoteregisteret, leverandør databasen
- Økologisk: Debio
- Frukt og grønt: Godkjente omsetningsledd
- Fellestiltakstabellen for beitelag m.v.



Stedlig kontroll

- Minimum 5 % av søknadsmassen pr. søknadsomgang
- Risikobasert utplukk
 - Opplysningar som ikkje blir kontrollert maskinelt
 - Mange forskjellige produksjonar
 - Søkt om tilskot på nye eller endra ordningar
 - Føretak med same produksjon på same eigedom (fleire husdyrproduksjonar)
 - Ført opp at alle mjølkekyr har gått 5 veker på utmarksbeite
 - Disponerer store areal eller har mykje leigejord med stor avstand mellom
 - Driftsfellesskap
- Søknader som er merka «MANU» må registrerast med kontrollopplysningar





Det nye forvaltningssystemet


Wespa blir fasa ut etter januaromgangen 2017.

Det nye kjem til å likne meir på eStil (som blir brukt til RMP)

- Kun elektronisk søknad
- Søkar må registrere seg med e-post og mobilnummer
- Kartbaserte søknader frå 2018
- 1 søknadsprosess med 2 registreringsdatoar
 - 1. mars: registrere dyr
 - 1. oktober: registrere dyr, areal, bevaringsverdige husdyr, avløysar
 - Opplysningar om slaktedyr blir henta frå leveransedatabasen
 - Fristane er absolutte, men kan endre opplysningar inntil 14 dager etter søknadsfristen
- Tilskotet gjeld for kalenderåret
- 1 utbetaling (februar)
- 10. januar: frist for etterregistrering

Vår plan for dette

- Forvaltningssamling for kommunane 10. til 11. november
- Møteserie for opplæring i det nye systemet
 - 4 møter (2 på Sunnmøre + Molde + Nordmøre)
 - Medio mars 2017



Regelverk – ulike tema

Grunnvilkår:

§ 2 i forskrifta: «*Tilskudd etter forskriften kan gis til foretak som er registrert i Enhetsregisteret og som driver vanlig jordbruksproduksjon på én eller flere landbrukseiendommer med de dyreslag eller de vekstgruppene det søkes tilskudd for, [...]»*

Søkar må vere eit føretak, og må vere registrert i Enhetsregisteret før søknadsfristen. Alle typer føretak vil kunne ha rett på tilskot.

Vanleg jordbruksproduksjon:

- Næringsmessig preg
- Standard knytt til god agronomisk praksis og godt husdyrhald
- «Sikkerhetsmargin» – må ta høgde for ulike driftsformer og normal variasjon

Vanleg jordbruksproduksjon (forts)

Areal / planteproduksjon: Jf. kravet til aktiv drift

Husdyr:

- Ammekyr og mjølkekyr må ha kalva i løpet av siste 15 måneder
 - Bevaringsverdige storfe i løpet av siste 18 måneder
- Normal årsavdrått
 - Unormalt lav avdrått (mjølk eller kjøtt) indikerer at det ikkje er vanleg jordbruksproduksjon
 - $\frac{1}{2}$ av middels mjølkeavdrått (7600 kg) \Rightarrow 3800 kg pr. ku
 - $\frac{1}{2}$ av middels mjølkeavdrått (730 kg) \Rightarrow 365 kg pr. mjølkegeit
 - Utg.pkt at alle sauer skal parast (som ikkje skal utrangerast) og at slakteveker ikkje bør ligge vesentleg under 70 % av middel for rasen



Kravet til å disponere

§ 3 i forskrifta: «*Det kan gis tilskudd for husdyr eller bikuber som foretaket disponerer på det tidspunkt eller i den perioden som fremgår av jordbruksavtalen. [...]*»

§ 4 i forskrifta: «*Det kan gis areal- og kulturlandskapstilskudd for fulldyrket og overflatedyrket jord samt innmarksbeite som foretaket disponerer og driver aktivt på det tidspunkt eller i den perioden som fremgår av jordbruksavtalen. [...]*»

Husdyr: Dagleg ansvar, fôrproduksjon, fôring/stell, formelt ansvar, sal av husdyrprodukt og inntektene fra salet

Areal: Må sjølv utføre eller administrere oppgåver som jordarbeiding, gjødsling, plantevern, gjerding, hausting/beiting, sal av planteprodukt (evt. til fôr) og inntektene frå salet

Drive aktivt: Nødvendig jordarbeiding må vere utført innan rimeleg rett tid og innanfor normale intervall



Bevaringsverdige husdyrraser

Blir søkt på i januar 2017.

Forskrifta er blitt endra i § 3. Nytt fjerde ledd.

Storfe: Sida trønder- og nordlandsfe, austlandsk raudkolle, dølafe, vestlandsk raudkolle, vestlandsk fjordfe og telemarkfe

- Ammekyr og mjølkekyr må ha kalva i løpet av siste 18 månader
- Inntil 2 oksar (12 mnd eller eldre) av same rase pr. føretak
- Må innan registreringsdato vere registrert i Kuregisteret

Sau: Blæset, fuglestadbrogete, gammalnorsk spæl, grå trønder, rygja og steigar

- Låst rasekode i Sauekontrollen

Geit: Kystgeit

- Låst rasekode i Ammegeitkontrollen

Hest: Dølahest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest

- Stambokført og fått utstedt hestepass

Mjølkekvoter

For å få driftstilskot til mjølkeproduksjon eller tilskot til mjølkekyr må føretaket ha mjølkekvote og levere mjølk. Dette blir kontrollert maskinelt.

Kvotene er no kopla til føretak og ikkje berre eige-dom.

Viktig å vere merksam på dette ved eigar-/brukarskifte nær registreringsdato.

For samdrifter: Frist for å melde frå om etablering eller oppløysing av samdrift er 1. oktober. Endring gjeldande frå 1. januar som er nettopp ein registreringsdato !!

- Det føretaket som er registrert med kvote på registreringsdato er det føretaket som kan søke om tilskot til mjølkekyr og i praksis også på øvrige storfe

Arealtilskot – aktiv drift


Det må vere utført nødvendig jordarbeiding, t.d. såing, gjødsling og hausting eller beiting.

Dette må vurderast for kvar vekstgruppe.

Kravet inneber at det må foregå ein reell produksjon.

Det må òg gjerast ei vurdering for kvart enkeltskifte / kvar teig.


- Dersom deler av arealet ikkje fyller kravet til aktiv drift skal det arealet ikkje godkjennast for arealtilskot
 - Ikkje alt eller ingenting



Innmarksbeite - samdrift

Endring i regelverket i fjor.
Særreglane for samdrifter vart avvikla.

=> Samdrifta må sjølv disponere beiteareal og søke om tilskot til innmarksbeite som blir beita av samdrifta sine dyr



Grovfôrsal


For å få arealtilskot til grovfôr må føretaket enten ha nok dyr (maks. areal pr dyr) eller dokumentere sal av fôret til ein regningsvarande pris.

Sal i perioden 1. juli 2015 til 30. juni 2016.

Ved oppstart eller utviding av grovfôrproduksjon for sal -> fram t.o.m. 31. mars 2017

Minimum avlingsnivå i sone 5:

- 950 kg surfôr pr daa
- 325 kg høy pr daa
- 400 kg høyensilasje pr daa



Driftsfelleskap


Kap. 7 i kommentarrundskrivet (2016-21)

Driftsfelleskap ikkje nødvendigvis fy-fy

Først og fremst tema i.f.t. strukturelementet


Kap. 7.8 i rundskrivet:

«Det er heller ikke aktuelt for forvaltningen å vurdere driftsfelleskap mellom foretak som ikke henter ut mertilskudd ved å søke separat og få utmålt selvstendige tilskudd, enn hva de ville fått om tilskuddet hadde vært beregnet samlet. Foretak som ikke kan hente ut mer tilskudd kan inngi separate søknader uten å opplyse om driftsfelleskapet i tråd med § 7 fjerde ledd. Dette vil for eksempel være aktuelt ved arealbaserte produksjoner der det ikke er struktur differensiering i satsene. For husdyrprodusenter må søknadene i august og januar ses i sammenheng, dersom de samlet går over maksimalt husdyrtilskudd for avtaleåret.»



Indikatorer på driftsfelleskap


- Nærheit på eigarsida
- Felles driftssenter
- Geografisk nærhet mellom driftssenter
- Samanblanding av besetningar
- Same konto på søknadene
- Andre forhold





Vurdering av driftsfelleskap

- Innhente opplysningar
 - Søkar har opplysningsplikt, jf. § 10 i forskrifta
 - Økonomisk samanblanding
- Sjå på drift
 - Kven står for det praktiske og det formelle?
 - Kva med utstyr?
 - Besetningar – oppstalling, beiting
- Viktig med grundig dokumentasjon, vurdering og behandling
- Driftsfelleskap er fokusområde for fylkesmannen sitt kontrollarbeid





Forhold til anna regelverk

§ 11 i forskrifta: «*Dersom foretaket uaktsomt eller forsettlig driver eller har drevet sin virksomhet i strid med annet regelverk for jordbruksvirksomhet, kan hele eller deler av det samlede tilskuddet som tilfaller foretaket avkortes.*

Ved brudd på forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging skal tilskuddet avkortes.

Tilskuddet skal avkortes dersom foretaket ikke fører journal over plantevernmidler som brukes, [...] Det samme gjelder dersom foretaket ikke kan fremlegge slike journaler for de siste tre årene.»

- Regelverk som har tilknytning til produsenten sin utøving av jordbruksdrift
 - LMD sitt myndighetsområde (t.d. dyrevelferd)
 - Andre, typisk miljø- og forurensingsregelverk

Det må vere konstatert regelverksbrot, dvs. gyldig vedtak frå ansvarleg myndigheit, før det evt. kan gjerast vedtak om avkorting. Det vil også vere mulig å halde tilbake tilskot.



Avkorting ved feilopplysningar

Betyr reduksjon i tilskotet.

§ 12 i forskrifta: «*Dersom foretaket uaktsomt eller forsettlig har gitt feil opplysninger i søknaden som har eller villet danne grunnlag for en urettmessig utbetaling av tilskuddet for seg selv eller andre, kan hele eller deler av det samlede tilskuddet som tilfaller foretaket avkortes. Tilskuddet kan også avkortes dersom foretaket ikke overholder de frister som kommunen, fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet har satt for å kunne utføre sine kontrolloppgaver i medhold av § 10.*»

Det står kan men det klare utgangspunktet er at det skal avkortast dersom søker minst har vore uaktsom.

Størrelse på avkorting i forhold til grad av uaktsomhet.

Vedtak i.h.t. forvaltningslova.



Avløysartilskot ferie og fritid

Endringar i jordbruksavtalen for 2014. Nytt regelverk gjeldande frå 2015. I praksis er det frå og med 2016 vi ser endringar når det gjeld tilpassing.

Ikkje berre lønsutgifter.


- Utgifter til avløysing
 - Tilsett avløysar
 - Kjøpe tenester frå avløysarlag
 - Kan kjøpe tenester frå andre føretak som tilbyr avløysing
- Avløysing ikkje avgrensa til tradisjonell fjøsavløysing
 - Arbeidsoppgåver som det ikkje er unaturleg at gardbrukarar sjølv utfører
 - Berre sjølve tenesten, ikkje varer som evt. blir nytta
 - Ikkje utgifter til tenester som t.d. dyrlege, rekneskapsføring, rådgjeving, drektighetskontroll, husdyrkontroll, rørleggar eller elektrikar

Overdraging av verksemd

For avløysartilskot: året kan delast i heile månader mellom overdragar og erverver.

Skjer overdraginga 1. januar må dette handterast manuelt. Då har ikkje erverver grunnlag (dyretal 1.1. ved inngang på avløysåret) for avløysartilskot.

For produksjonstilskot: den som disponerer dyr og areal på registreringsdato.
Registrert føretak og tilknytta landbrukseigedomen.



Takk for meg !

